

**Protokoll
Regionrådet Nordhordland – fredag 2. juni**

Møte:	3-2023
Tid:	Fredag 2. juni kl. 10:15 - 15:00
Stad:	Region Nordhordland Helsehus, kunnskapscenter, møterom Mongstad

Til stades:

Ordfører:	Nina Bognøy (varaordfører Alver), Per Lerøy (Austrheim), Stian Herøy (Fedje), Odd Harald Eide (Gulen), Karstein Totland (Masfjorden), Kjetil Eikefet (Modalen)
Kommunedirektører:	Ørjan Raknes Forthun (Alver), Bjørnar Fjellhaug (Austrheim), Ingvild Hjelmtveit (Osterøy), Atle Fasteland (Vaksdal)
Adm:	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
Andre:	Arngunna Haga (NAV), Tonje H. Aarland (Modalen kommune)
Forfall:	Sara Sekkingstad (Alver), Hallvard Oppedal (Gulen), Lars Fjeldstad (Osterøy), Hege Eide Vik (Vaksdal), Berit Rystad (Fedje), Reidun Halland (Gulen), Svein Helge Hofslundsengen (Masfjorden), Jo Bjarte Tømmerbakke (Modalen)

Sak 21/23	<p>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</p> <p>Vedtak: Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 22/23	<p>Godkjenning protokoll møte 2-2023</p> <p>Vedtak: Møteprotokoll frå møte 2-2023 vart godkjent utan merknadar.</p>
Sak 23/23	<p>Nordhordland Unesco Biosfære. Rullering handlingsplan</p> <p>Kari Evensen Natland viste til utsendt strategidokument og handlingsprogrammet for Nordhordland Unesco Biosfære - og til statusoppdatering på pågåande prosjekt / tiltak. Saka vert lagt fram for regionrådet for drøfting og vedtak om å godkjenna handlingsprogrammet 2023 – 2024 for Nordhordland Unesco Biosfære.</p> <p>Vedtak: Regionrådet godkjenner handlingsprogrammet 2023 - 2024 for Nordhordland Unesco Biosfære.</p>
Sak 24/23	<p>E39 Vågsbotn – Klauvaneset og NTP 2025 – 2036</p> <p>Kort drøfting om status og ulike problemstillingar knyt til NTP.</p>
Sak 25/23	<p>Språkpraksis for flyktningar. NAV Nordhordland</p> <p>Arngunna Haga frå NAV Alver orienterte om flyktningar til Nordhordland, busetjing, og behov for språkplassar i regionen. Presentasjon vedlagt.</p> <p>Det er heile kommunen som buset – ikkje NAV og ikkje kommuneorganisasjonen aleine.</p>

	<p>Region Nordhordland treng arbeidskraft og dei fleste flyktningane har mål om arbeid – og som gjerne høver utdanninga. Kva skal me gjera for at dei me buset blir den arbeidskrafta me treng med tanke på kvalifisering, opplæring, formidling og oppfølging? Me treng fleire språktreningsplassar slik at dei kan læra norsk, læra norsk arbeidsliv, bli meir inkludert og får meir deltaking i dagleglivet.</p> <p>NAV ber om at kommunane meir aktivt ser om dei har praksisplassar for språk.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tok orienteringa til vitande og ber kommunane om aktivt å sjå om dei har praksisplassar for språk.</p>
Sak 26/23	<p>Interkommunal plan for sjøareal. Oppsummering m.v. etter høyringa</p> <p>Bent Gunnar Næss orienterte kort om status. Det kom inn 34 merknadar til planen. Totalt er det ni motsegn. Endringar som vert sett på er knyt til areal, føresegn og kart teknisk). Det vil bli ei 3. gangs høyring, og denne vert sendt ut før sommarferien med frist medio august.</p> <p>Vedtak: Regionrådet tar orienteringa til vitande.</p>
Sak 27/33	<p>Orienteringssaker / eventuelt</p> <p>Extreme-E Kort orientering om at regionen vert vurdert som stad for arrangementet, Extreme-E. Dette er eit stort internasjonalt billøp for elektriske køyretøy (SUV), og der fleire kjente profilar frå formel 1 både står bak - og er med. Løpet / arrangementet er skapt for å setja søkelys på berekraft og klimakrise. Spørsmålet er kome gjennom Visit Bergen, og foreløpig er det kartleggingsdialog mellom Region Nordhordland IKS og Visit Bergen.</p> <p>Psykologprosjektet (Kompis). Tonje H. Aarland orienterte kort om vidare planar / prosess med psykologprosjektet «Kompis», eit prosjekt som tidlegare er gjennomført i regionen.</p>

Knarvik, 2. juni 2023

Karstein Totland

Karstein Totland
Leiar
Regionrådet Nordhordland

Rune Heradstveit

Rune Heradstveit
Dagleg leiar
Region Nordhordland IKS

Vedlegg:

25/23: Presentasjon, NAV - språkpraksis for flyktningar

26/23: Presentasjon, Interkommunal plan for sjøareal